

Notat

Dato:
Arkivsak: -
Saksbehandlar:

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oppfølging av selskapskontroll «Arkiv og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune»

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama 01.02.2018 sak 21/2018 «Retningslinjer for arkiv og offentlegheit i selskap fylkeskommunen eig» og vedtok retningslinene samrøystes.

06.03.2018 vart retningslinene sendt selskapa som i revisjonsrapporten er omfatta av reglane for arkiv og journalføring og bedne om å gje ei dokumentert vurdering av kva krav selskapa er underlagt innan 15.mai 2018.

Følgjande selskap er tilskrevne:

1. Askøy Bompengeselskap AS
2. Beredt AS
3. Bybanen AS
4. Ferde AS (tidlegar Sørvest bomvegselskap AS)
5. Hardanger AKS AS
6. Hardangerbrua AS
7. Hordaland Teater LL
8. Kveik AS
9. Moster Amfi og Kyrkjehistoriske senter AS
10. Odda Vegfinans AS
11. Sunnhordland Lufthamn AS
12. Vestnorsk Filmsenter AS

Bakgrunn:

Deloitte gjennomførte selskapskontroll av arkiv- og journalføringsplikt i selskap fylkeskommunen eig i august 2016. Desse retningslinene er del av fylkesrådmannens oppfølging av selskapskontrollen.

Etter funn i selskapskontroll av arkiv og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune, har fylkesrådmannen utarbeidd retningslinjer for arkiv- og journalføringsplikt og offentlegheit i selskapa. Alle selskap skal gjere dokumenterte vurderingar av kva krav som gjeld for selskapet.

Vedlegg:

Brev sendt selskapa
Saksframlegg fylkesutvalet
Vedtekne retningslinjer